

Forskrift om finansiering av private barnehagar i Øygarden kommune

§ 1 Heimel

Forskrifta er fastsett med heimel i barnehagelova §§ 19–19 a og forskrift om finansiering av private barnehagar.

§ 2 Formål

Formålet med forskrifta er å sikre føreseielege, transparente og likeverdige økonomiske rammer for private barnehagar i Øygarden kommune, og å fastsetje lokale reglar og satsar innanfor rammene av barnehagelova og forskrift om finansiering av private barnehagar.

§ 3 Verkeområde

Forskrifta gjeld alle private barnehagar i Øygarden kommune som har rett til kommunalt tilskot etter barnehagelova §§ 19 og 19a.

Kapittel 2 Grunntilskot

§ 4 Satsar for grunntilskot

Kommunen fastset årleg satsar for grunntilskot per heiltidsplass.

For 2027 er satsen for grunntilskot til private barnehagar:

a) Ordinære barnehagar

- barn under tre år: kr 289 602
- barn over tre år: kr 153 276

b) Familiebarnehagar

Øygarden kommune har ikkje kommunale familiebarnehagar. Tilskot til private familiebarnehagar blir derfor berekna etter nasjonale satsar.

c) Opne barnehagar

Øygarden kommune har ikkje kommunale opne barnehagar. Tilskot til private opne barnehagar blir derfor berekna etter nasjonale satsar.

§ 5 Berekning av grunntilskot

Grunntilskotet blir berekna på grunnlag av Øygarden kommune sine gjennomsnittlege kostnader i kommunale barnehagar og, justert i samsvar med barnehagelova og forskrift om finansiering av private barnehagar.

Ved berekninga av heiltidsplassar nyttar kommunen den berekningsmetoden som følgjer av forskrift om finansiering av private barnehagar.

Sentrale administrasjonsutgifter i Øygarden kommune skal fordelast og inkluderast i beregningsgrunnlaget i den grad dei yter støtte til dei kommunale barnehagene (t.d. HR, IT,

juridisk og økonomi). For å sikre reell likebehandling skal det dokumenterast at private barnehagar ikkje vert påførte ulemper ved at kommunale stordriftsfordelar vert haldne utanfor tilskotsgrunnen.»

Foreldrebetaling blir trekt frå berekningsgrunnlaget i samsvar med gjeldande regelverk, og satsane blir justerte med kommunal deflator.

Kommunen skal dokumentere berekningsgrunnlaget for tilskotssatsane. Dokumentasjonen skal følgje saka om fastsetjing av tilskotssatsar eller på annan eigna måte gjerast tilgjengeleg for dei private barnehagane.

Kapittel 4 Pensjon og eigedomstilskot

§ 6 Pensjonstilskot og eigedomstilskot

Pensjonstilskot og eigedomstilskot blir fastsette etter gjeldande nasjonale reglar.

Tilskot til den enkelte private barnehagen blir fastsett gjennom enkeltvedtak.

Kapittel 5 Rapportering

§ 7 Rapportering og teljetidspunkt

Øygarden kommune legg følgjande rapporteringstidspunkt til grunn:

- 15. desember året før tilskotsåret
- 1. august i tilskotsåret.

Rapporteringa skal omfatte opplysningar som følgjer av finansieringsforskrifta § 5.

Rapporteringa skal skje i samsvar med gjeldande regelverk og omfatte dei opplysningane som er nødvendige for å fastsetje kommunalt tilskot.

Rapportering per 15. desember dannar grunnlag for tilskot i perioden januar–juli og byggjer på dei opplysningane barnehagen rapporterer gjennom det nasjonale rapporteringssystemet (BASIL eller tilsvarandesystem).

Rapportering per 1. august dannar grunnlag for tilskot i perioden august–desember.

Barnehagen skal rapportere tal på barn, alder på barna og avtalt opphaldstid per 1. august i eit eige skjema fastsett av kommunen. Eigaren har ansvar for at opplysningane som blir rapporterte, er fullstendige og korrekte per rapporteringstidspunktet, og at skjemaet blir sendt inn innan fristen kommunen har fastsett.

Rapportering av data skal i størst mogleg grad samordnast med eksisterande nasjonale rapporteringssystem (BASIL). Kommunen skal ikkje påleggje særkrav om lokal rapportering som aukar den administrative byrda for dei private barnehagane, med mindre det er tvingande nødvendig etter nasjonalt regelverk.»

Kommunen kan fastsetje nærare rutinar for rapportering, dokumentasjon og kontroll i samsvar med gjeldande regelverk.

§ 8 Informasjonsplikt og justering av tilskotsgrunnlag

Barnehageeigaren skal utan ugrunna opphald melde frå til kommunen om større aktivitetsendringar.

Dette omfattar mellom anna:

- vesentlege endringar i barnetal, både auke og reduksjon
- vesentlege endringar i godkjend kapasitet
- større endringar i tal årsverk
- mellombels stenging eller reduksjon i tilbodet
- avvikling av drift.

Ved vurderinga av om ei endring skal meldast, skal det leggjast vekt på om endringa kan ha vesentleg innverknad på berekningsgrunnlaget eller storleiken på tilskotet.

Ved vesentlege aktivitetsendringar kan kommunen fatte nytt enkeltvedtak om tilskot.

§ 9 Kontroll og opplysningsplikt

Kommunen kan krevje dokumentasjon for dei opplysningane som vert rapporterte etter denne forskrifta.

Dersom barnehagen gir uriktige eller mangelfulle opplysningar, kan kommunen korrigere tilskotet og krevje tilbakebetaling i tråd med gjeldande regelverk.

Kapittel 6 Saksbehandling

§ 10 Vedtak om tilskot

Kommunen fattar enkeltvedtak om tilskot til kvar privat barnehage.

Vedtaket skal byggje på denne forskrifta, barnehagelova og forskrift om finansiering av private barnehagar.

Kommunen gjer nytt vedtak om tilskot etter teljinga 1. august. Det nye vedtaket gjeld for perioden frå 1. august til 31. desember i tilskotsåret.

§ 11 Utbetaling av tilskot

Tilskot blir utbetalt forskotsvis annakvar månad i samsvar med kommunen sine utbetalingsrutinar.

Dersom det er utbetalt for mykje eller for lite tilskot, blir dette avrekna ved seinare utbetalingar. Avrekning etter teljinga 1. august blir som hovudregel gjennomført ved første utbetaling etter at nytt tilskotsvedtak er fatta.

I tillegg til det innrapporterte barnetalet per 1. august blir det gitt ordinært driftstilskot frå 1. august for plassar som er reserverte til barn med lovfesta rett til barnehageplass i perioden 1. september til 30. november, så lenge plassane står ledige fram til barnet tek til.

Dersom ein privat barnehage opplever ein reduksjon i barnetal etter 1. august som skuldast forhold barnehagen ikkje sjølv råder over (t.d. flytting), og barnehagen kan dokumentere ledig kapasitet, skal tilskotet som hovudregel oppretthaldast ut kalenderåret for å sikre kontinuitet i bemanning og drift

§ 12 Dokumentasjon og innsyn

Kommunen skal dokumentere:

- berekningsgrunnlaget for satsane
- kostnader som er haldne utanfor berekningsgrunnlaget

Dokumentasjonen skal gjerast tilgjengeleg for private barnehagar i samsvar med gjeldande reglar om innsyn.

§ 13 Klage

Enkeltvedtak om kommunalt tilskot kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.

Statsforvaltaren er klageinstans.

Forskrifta og dei generelle satsane som er fastsette i denne forskrifta, kan ikkje påklagast.

§ 14 Justering av satsar

Kommunen kan justere satsane administrativt dersom endringar i statlege rammevilkår eller regelverk påverkar berekningsgrunnlaget. Dette kan vere ved endring av kommunal deflator, maksimalpris for foreldrebetaling eller andre forhold som følgjer av nasjonale vedtak. Slike justeringar blir gjennomførte utan ny forskriftsbehandling i den grad dette følgjer av forvaltningslova § 37 fjerde ledd bokstav c.

Oppdaterte satsar skal gjerast kjende for dei private barnehagane utan ugrunna opphald.

§ 15 Fastsetjingsfrist

Forskrifta skal fastsetjast innan den fristen som følgjer av gjeldande forskrift om finansiering av private barnehagar.

§ 16 Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft den 1.januar 2027

